

Rich Andvord frå Lom, papir-grossererar i Kristiania som 26-åring

Berre seksten år gamal tok Sevald Theodor Richard Andvord den lange vegen til fots frå Lom til Kristiania. Dette var i 1856. Berre ti år seinare starta han opp spesialforretning i papir i Mariboens gård (Torvet 3) i Kristiania. Richard Andvord var fødd og oppvaksen på Nordgard Stamstad i Lom. Foreldra var lensmann Paul Thorsteinsson Andvord og Thora Sevaldsdatter Kjæstad. Slekta kom frå Andvord. Bestefaren, Torstein Sylfestsson, flytta til Stamstad i 1793 da han vart lensmann i bygda. Nordgard Stamstad var på den tida lensmannsgarden i Lom.

Rich kom i handelslære hjå onkelen, Hans Holst Lund Holtermann, som dreiv forretning i den travele Storgaten. Etter endt læretid, reiste Andvord eit år til Tyskland. Der fekk han mange nye idear om korleis butikk kunne drivast. Det vanlege var at forretningane selde alle slags varer – frå kledestoff og lærvarer til matvarer og papir. Andvord ville spesialisere seg på papir.


Opna forretning som 26-åring

Andvord kjøpte eigedomen i Karl Johans gate av assessor Ludvig Mariboe, og opna forretninga 1. mai 1865, som 26-åring. Dei fyrste åra budde Andvord sjølv i andre etasje over butikken. Dette vart fort ein møtested for byens borgarar. Den intellektuelle elita hadde mange spesielle krav og ynskje til skrivedskap. Henrik Ibsen, Bjørnstjerne Bjørnson, Edvard Grieg, Jonas Lie og Edvard Munch var blant dei faste kundane. Kunstnarar som hadde vanskar med å betale, fekk diskret økonomisk hjelp.

Butikken kunne ofte fungere som diskusjonsklubb og møteplass. Invitasjonslista til borgarball og veldedige tilstelningar trekte også mange folk til butikken. Etter kvart utvida firmaet verksemda med trykkeri, bokbinderi og stempelproduksjon. Offentlege etatar nytta seg av Rich Andvord i større utstrekning og firmaet hadde ein kraftig vekst.

Aktiv i det sosiale liv

Rich gifta seg i 1883 med Cathinca Sofie Jacobsen (1849–1935) og vart utnemnt til Ridder av St. Olavs Orden



Grosserer Rich Andvord var aktiv i det sosiale liv i Kristiania og vart utnemnt til Ridder av St. Olavs orden i 1881.

i 1881. Han fekk også tildelt den Svenske Vasaordenen. Andvord var stadshauptmann i Christiania, sjef for borgervæpningen i byen, og leia sjølv paradar gjennom byen til hest. Rich Andvord satt i styrene i mellom anna Den norske Creditbank, Kreditkassen, Storebrand, Bændevinssamlaget og Nationaltheatret. Han var også engasjert i bystyret og formannskapet.

Korleis er noko slik mogleg?

Det er lett å stille seg spørsmålet korleis ein unggut frå Lom midt på 1800-talet kunne ta beina fatt som 16 åring og gå til hovudstaden. Berre ti år seinare rykkjer den same Sevald Theodor Richard inn annonse i Aftenbladet og offentleggjer etablering av den fyrste spesialforretninga i papir og skriveartiklar i landet, midt i det travlaste Kristiania. Michel Andvord fortel oss at det er lite

opplysningar om Rich som er bevart.

- Han må ha hatt sterke personlege eigenskapar og vore svært arbeidssam.
- Som god Lom-væring, var han sikkert nøysam og oppteken av “å ikkje strekkje seg lengere enn skinnfellen rekk”, sier Michel. Som legg til at det store kontaktnettet som er omtala viser at han må ha hatt lett for å kome i kontakt med andre.

Rik utvikling i hovudstaden


Hovudstaden var på den tida inne i ei rik utvikling med nye etableringar neste dagleg. Rich hadde stor tru på spesialisering, men forventa ingen eksplosiv utvikling. Han var full av optimisme trass i mange advarslar. Rich starta forsiktig med ein betjent ved sin side i butikken og sørga sjølv for ekspedering av dei fleste kundane som kom innom.

Det varte imidlertid ikkje lenge før han måtte utvide staben, samtidig som lokala vart utvida. Bustaden i andre etasje måtte byggjast om til forretning



Interiørbilde frå forretninga til Rich Andvord på Stortorget i Oslo fotografert av Teigens Fotoatelier. Digitalmuseet.

Rich. Andvord,
Herr Assessor Mariboens Gaard, Østre Gade No. 3.
anbefaler til billigste Priser sit idag aabnede Ud-
salg af alleslags Skriv-, Post- & Pakpapir, Proto-
coller & Copibøger, Contorrekvisita, Tegne-
materialer, Skriverekvisita m. m. m.
Christiania, 5te Mai 1865.



Det var lagt stor vekt på utstilligane. Foto: Teigens Fotoatelier/Digitalmuseet, fotografert på 1930-talet, etter brannen i 1927.

og i 1873 – etter åtte års drift – kjøpte Rick heile bygården. Kwart år medførte auke i omsetning og utvalet av varer vart stadig større.

Det verkelege gjennombrøtet kom i dei gyldne 1880-åra og sjefen, som hadde gått til fots til hovudstaden berre vel 30 år tidlegare, hadde nå om lag 50 funksjonærar og arbeidarar rundt seg.

Attende i slekta

Etter hundrevis av år i slekta, hamna Sygard Andvord i kommunale hender på 1970-talet. I 2002 fekk oldebarna til Rich, Michel og Richard, kjøpt attende slektsgarden. Tidlegare forsøk hadde strandt på konsesjons og buplikt. Mickel og Richard har sjølve vore lenge i leinga i selskapet.

Andvord har røter attende til før vikingetida og var brukt som tingstad i 250 år. I tidlegare tider skal det ha stått ei langkyrkje på Andvord som skal ha vore flytta til Skjåk før 1419. Sygard Andvord framstår i dag som ein praktgard og vart tildelt Olavsrosa frå Norsk Kutlurarv i 2012. Av riksantikvaren vart gardem Andvord da vurdert for å vera "det fremste kulturhistoriske anlegget i den fremste kulturhistoriske kommunen med det fremste kulturhistoriske lafte- og vølingsfirmaet" [Stokk og Stein], som riksantikvar Jørn Holme uttrykte seg ved tildelinga av Olavsrosa.

Kjelder: Rich Andvord AS: Hundre år i papir, nbl.snl.no/, oslobilder.no/, digitalmuseum.no/, nationen.no/, andvorgard.no/, Michel Andvord.



Hovudbygninga på Sygard Andvord rundt 1900 og slik den er i dag.



Rich Andvord Papirhandel i Oslo på 1890-tallet. Foto: Per Adolf Thorén, Oslo Museum.

Til høgre: innleiinga av minneordet om Rich Andvord i Morgenbladet. Rich gjekk bort i 1913. Dette er nok i anledning 50-års jubileet for firmaet i 1915.

Richard Andvord in memoriam.

Firmaets Jubilæumsdag er først og fremst til Ære for den Mand, hvis Navn Forretningen bærer: Richard Andvord. Da han som ung Gut kom vandrende paa sin Fot til Christiania, bar han sit rørlige Gods paa Ryggen og sine Støvler i Næven. Ikke fordi han var daarlig utrustet fra sit Hjem i Lom, men fordi han mente, at den, som skal bryte sig Vei i Livet, skal begynde med at spare, hvor spares kan. Sterk og frisk var han, fuld av Arbeidsvilje og med aapne Øine for, hvor noget kunde være at utrette. I Storgaten fik han sin første praktiske Utdannelse for Handelen. la sig op litt Penge, reiste saa til Utlandet og startet i 1865 Hovedstadens første Specialforretning i Papir, — i samme Gaard, hvor Butiken endnu er og hvor endnu staar den lille Skrivepult, som var en Del av det første Utstyr.

Hellekveguten som liten i Lom

Boka *When I Was av Boy In Norway* vart utgjeven i USA i 1921 og er ei av mange bøker i ein serie om born frå andre land. Forfattaren Jon Oscar Hall, eller Hellekveguten, skriv i denne boka om livet som liten "in the parish Lom, where I was born" og om skikk og bruk i Noreg.

Teolog

Det er skrive svært lite biografisk om Jon Oscar Hall. I innleiinga av boka *When I Was av Boy In Norway* dedikerte han boka til kona Clara og dottera Evangelina Ora. Evangelina var født "rundt" 1905 i Cook Country i Illinois i USA. Familietreet viser far, John Oscar Hall – teolog og mor, Clara Maria Sakrison.

John Oscar var fødd i Norge 23. februar 1870 og vart gift med Clara Maria i 1904. I *The book of Chicagoans* finn vi i tillegg ut at han var son til Ole og Mary [Johnsen] og at han utdanna seg som teolog og tok doktorgrad og vart professor i talekunst. J. O. Hall praktiserte etter 1908 i The Norwegian Danish Theological Seminary. Han har gjeve ut mange litterære arbeid og religiøse hefte. Hall budde saman med familien i bydelen Evanston i utkanten av Chicago.

Hellekveguten

Olav T. Kvaale omtalar Dr. J.O. Hall i *Gamalt frå Lom*. Kvaale omtalar J. O. Hall som Hellekveguten, som kom til verda i Hellekveven på Øvergrenda. Familien måtte gå frå gard og grunn fordi det var signert på eit skuldbrev til ein handelsmann og to bønder. Alle desse hadde gått konkurs og som trettenåring og yngstemann i syskjenflokket måtte J. O. frå den dagen sjølv tene til livets opphald.

Familien fløtte frå det som den gongen heitte Helle eller Hallet til det som da vart heitande Hellekvee. Namnet Halle dukkar opp under N. Stamstad i *Bygdaboka for Lom med fem bebuarar i 1865*. Kveom vart rydda kring 1770 og vart delt i to i 1830. Nørdre Kveom vart kalla Hellekvei. Helle eller Hallet har seinare gått inn att i garden.

Til Kristiania og så til Amerika

I ungdomen arbeidde J. O. hjå Rich Andvord i Kristiania. Rich var son til lensmann Paul Thorsteinsson Andvord, som hadde tilhald på Stamstad frå 1793. Ferda gjekk tidleg vidare til Amerika. Han studerte ved School of Commerce and Finance i Minneapolis så tidleg som i 1893 – berre 23 år gamal. Kvaale meiner i *Gamalt frå Lom* at han hadde familie alt da han reiste over "dammen". Der tok han fyrst etternamnet Halle og seinare Hall.

The boyhood home in Norway

I boka si skriv J. O. om dei stutte, men fine somrane i bygda opp mot snøkanten. – Sommarnetene er svært vakre og lyse. Ein kan sitje oppe ute til klokka to om natta, skriv han. – Der oppe i dalsida ligg den vesle gardsbruket med dei små og lite prangande bygningane som var min fødestad. Staden var kjær for meg. Det var min heim der eg tilbrakte mine bekymringslause og lykkelege barnomsdagar.

Omkransa av bratte fjellsider

– Heimen min var omgjevransa av bratte fjellsider og høge fjell dekt med snø. Den skræmande og skummande elva "Bævra" hadde med seg kvitt blod frå isbreane oppe i fjellet. Isbrear som aldri såg ut til å minke.

– Om lag to miles [tre kilometer] frå heimen min danna "Bævra" ein brølende foss som danna ein sang med forskjellige stemmer ettersom vær og årstid. Gamle mennesker kunne fortelje ut i frå lyden frå fossen korleis været ville bli. Før snø eller regn song fossen høgt; før klart vær laga fossen ein høg, munter tenorlyd. Med regn eller snø kom det ein djup bass



og i klarvær song fossen ein mezzosopran, utan nokon gong å kome ut av det.

– Frå vindaugo på austveggen heime såg vi kvar dag over elva mot ansiktet til ein gigant i fjellet, som fungerte som solskive. Når skyggen kom ned til auga på giganten, var klokka ti om dagen. Når skyggen hadde bevega seg nedover nesen, var klokka nøyaktig tre om ettermiddagen. Litt av ein nese!

– Midt mellom slike gigantar, inne i naturens eige tempel, vart menneskja tankefulle. Frå det skyggefulle språket til den store klippa, kunne vi høyre stemma til Naturens Gud”, skreiv han.

På ski og skeiser

J. O. var ein sprek, ung mann og er avbilda som 18 årig turnar i Christiania i boka. Kvaale skriv om at han dreiv med turning i “Måsåhuet” hjå bestemora i Lom. – Heime i Lom var ski ein enkel måte å ta seg fram på. Derfor lærte vi å gå på ski tidleg. Det var fint å gli nedover bakkane, dei små til å begynne med, deretter lengre og brattare. Og så var det spenninga med skihopping! Omslaget på boka viser ein skihoppar. Om det er Lomseggen som er teikna i bakgrunnen, er det ikkje godt å si.

– Christiania er ideell for vintersport. Der kan du vere sikker på at det er snø og is i omtrent fem månader. Leikeplassane er dekt av is, utan fare for å gå gjennom.


“Yule” i Lom

– Feiringen av “Yule” ble praktisert lenge før kristendommen. Det var ein fest til ære for sola, da den i januar fornya sin styrke og vann over myrkets kraft. I løpet av to veker skulle det mest nødvendige gjerast. Redskap med hjul, som vogner og spinnehjul, måtte kvile. Å ta i bruk noko med jul var sett på som ein hån mot sola, som var sett på som heilag.

– Alle dyr måtte ha fred under feiring av “Yule”. Feller og snarar måtte takast bort. Til og med fiskegarna måtte fjernast frå vatn og elv. Alle juleførebuingane måtte vere ferdige før St. Thomas' dag, som vart den 21. desember. Da måtte det ha vorte hogga tilstrekkeleg med ved. Dersom ikkje ville St. Thomas ta øksa. På same måte måtte all baking, brygging og slakting vere undagjort. Ei kake vart lagt på ei hylle til St. Thomas før klokka fem på juleften.

– Alle måtte nå ta seg eit bad og ta på reint undertøy og dei finaste plagga. Så samla heile familien seg i fred og fordrageligheit for å ete julematen, som vanlegvis var ribbe, forskjellige typer brød og kake og rispudding. Den som fann mandelen i puddingen fekk gifte seg fyrst. Kvar og ein måtte legge att pudding på tallerkenen sin til dei døde.

– Det eg har omtala her om juleførebuingane er skikk og bruk som ikkje lenger er i bruk. Men, det er ein skikk



Omslaget til ei av utåvene av boka viser ein skihoppar framfor noko som kan minne om Lomseggen.

som framleis er i bruk. Ikkje berre i Noreg, men også nordmenn som har emigrert praktiserer dette i sitt nye land. Både i Minnestoa, Wisconsin, Illinois og Nord-Dakota har eg sett kornband som er sett opp på stolpar ute på tunet eller på toppen av låven. Da visste eg at der budde det nordmenn.

Kjelder: John Oscar Hall: When I Was av Boy In Norway, Olav T. Kvaale: Gamalt frå Lom og Bygdabok for Lom, bind 2.



Skeiseaktiviteten på Åsjo, nokre år etter at Hellekveguten hadde reist frå bygda. Korkje Åsjo eller Øvergrenda hadde endra seg så mykje i løpet av dei åra. Foto: Ivar Risheim. Skjåk historielag.